

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 28.08.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Vedtekter for Ungdommens fylkesting skal lyda:

§ 2.7 Ungdommens fylkesting skal bestå av ungdom mellom 15 og 20 år med tilknytning til fylket. Det vil seie at ein kan delta frå og med det kalenderåret ein fyller 15 år, og til og med det året ein fyller 20 år.

§ 2.18 Alle medleamar av Ungdommens fylkesutval har delegatstatus med tale-, forslags- og stemmerett vert endra til: Alle medlemmer og varamedlemer av Ungdommens fylkesutval har delegatstatus.

§ 3.5 Ungdommens fylkesting vel sju medlemmer til Ungdommens fylkesutval, det blir i tillegg valt ei varamannsliste på fem personar. Medlemene av Ungdommens fylkesutval skal veljast frå delegatane på Ungdommens fylkesting. Ungdommens fylkesutval skal bestå av ungdom mellom 15 og 20 år som har tilknytning til fylket i den aktuelle valperioden. Ein person som fyller 21 år det året Ungdommens fylkesting vert halde kan dermed ikkje stille til val. Ein person som fyller 20 år kan ikkje bli vald til eit toårig verv.